

I år er det 80 år sidan Gaularfjellsvegen vart opna. Veggen vart bygt i perioden 1935–1938, ei imponerende kort byggetid for ein krevjande vegstrekning. Førstkomande laurdag er det markering på Utsikten for 80-års jubileet.

Gaularfjellsvegen 80 år



kronikk

JOHS. B. THUE
Balestrand

FJELLOMRÅDET MELLOM

Midtre Sogn og Indre Sunnfjord hadde ikkje noko fellesnamn i eldre tid. Dei tala om Sværeskaret, Nystølen, Torsnes-stølen, Frøyslands-stølen, Tverrli, Holmevatnet og Langestølen. Stølsnamn, fjellvatn og ferdsevsvegar var felleseige, felleskultur mellom bygdene i Sværefjorden, Vetlefjorden, Viksdalen og Haukedalen. No talar vi berre om Gaularfjellet. For å leita opp Gaular-namnet lyt ein fara til Island. Landnámabok, den islandske busetjingshistoria, fortel om dei fyrste som slo seg ned for godt der vest i havet. Der møter vi om lag 140 personar med kjend heimstad. Tolv ser ut til å ha kome frå Sogn, og om lag same talet hadde heimstaden sin i Sunnfjord. I denne boka møter vi Torbjørn den gaulværske, altså frå Gaular. Vi møter også Lopt Ormson som kvart tredje år segla heim frå Island til det store Gaularhovet ved Osen, inst i Dalsfjorden, for å blota. Det må vera nylesing av Landnámabok og innhaldet i boka som førte til at Gaular-namnet kom i bruk igjen i tidleg på 1900-talet. Indre Holmedal heitte kommunen eller heradet i dalføra langs elva Gaula heilt fram til 1910.

SJØLVE FJELLNAMNET. Gaularfjellet, kan først attende til ordførar og kaptein Mathias Raaheim frå Gaular. Han var den fyrste som namnesette dette fjell-landskapet. «No står berre vegnamnet igjen», sa han oppsummerande på eit hyggeleg førebuingmøte på Kviknes Hotel. Opningsfesten for veggen, 6. desember 1938, skulle planleggast. «Vi er vel alle einige om at vi skal kalla veggen for Gaularfjellsvegen», sa kapteinen frå den vake og grønne Raaheimsdalen, med Vallestadfossen i snøkvitt forkle bak. Ingen kom med motsegn, men vetlefjordingane angra etterpå. Sunnfjordnamn på delar av deira fjell kjendest ikkje heilt godt ut. Vakkert, talande og godt er likevel namnet. Historiske kunnskapar, saman med ei folkeleg og nasjonal fornorskingsbølge, skapte Gaular-



UTSIKTEN: I juni 2016 opna den «nye» Utsikten på Gaularfjellet. FOTO: TRINE KANTER ZERWEK / STATENS VEGVESEN



SNØ: Manuell snømaking på Gaularfjellsvegen våren 1949. Dei starta på toppen og grov seg nedover. Når dei kom så langt at dei ikkje klarde å hiva snøen over kanten, måtte dei få hjelp i frå ein ekstra mann. Då laga dei ei hylle i brøytekanten der han stod og tok i mot og kasta han vidare opp.

FOTOGRAF: UKJEND / FYLKESARKIVET I SOGN OG FJORDANE



MJELL: Veggen over Gaularfjellet vart driven frå begge sider. Bildet er frå Mjell i Gaular og Martin Vallestad står bak og kontrollører når lastebilen tømmer gruslasset. Bildet skal vere frå 1939.

FOTOGRAF: UKJEND / FYLKESARKIVET I SOGN OG FJORDANE

fjellsnamnet, som Mathias Raaheim, kapteinen og politikaren, henta fram og gjorde livs levande ein haustkveld på Kviknes Hotel, Balholm, for 80 år sidan.

I GAULARFJELLSVEGEN er kan henda noko av det mest internasjonale vi eig i Sogn og Fjordane. Veggen kom til på slutten av 1930-talet og blei delvis bygd og finansiert etter nye, utanlandske idear. Landet var inne i ei økonomisk krise. Gamle kriseteoriar blei sette under press. Å spare seg ut av kriser var den gamle løysingsvegen. Nye var teoriar som blei lanserte: I krisetider, som på 1930-talet var, skulle Staten eller det offentlege vera sær aktive, bruka pengar. Meir statleg pengebruk blei resultatet av dei nye og radikale ideane, vår fyrste motkonjunkturpolitikk. Slike krise-strategiar hadde utanlandsk opphav. Dei kom til Norge med dei unge økonomane Ole Colbjørnsen og Axel Sømme gjennom skriftet «En norsk tre-årsplan». Planen bygde på teoriar om statskapitalisme, planøkonomi og ny teknologi.


«VEIBYGGINGEN INN i nytt spor og nytt tempo», sette Høgre-redaktør Richard Knoff til overskrift på ein artikkel han skreiv i avisa si, «Sogningen», midt på 1930-talet. Redaktøren, som også var ingeniør, kunne slå fast at: «Veidirektør Baalsrud er banebrytaren for de nye ideer». Desse nye ideane gjekk ut på å byggja mest mogleg veg på kortast mogleg tid. Det ville han gjera ved å gje avkall på standard, få vegar køyrbare i høgt tempo, med masse anleggsfolk, og så ta utviding og standardheving seinare. Andreas Baalsrud var vegdirektør ein liten mannsalder, frå 1919 til 1945. Han arbeidde etter denne rettesnora: «En god vei er 10 gonger bedre enn en dårlig vei, men en dårlig vei 100 gonger bedre enn ingen vei». Slik kunne veggen mellom Sogn og Sunnfjord realiserast med avgrensa kostnad, og med tidsrekordar i gjennomføring som vi verken fattar eller skjønner i dag. Oppgjeret med vanetenking er den merkelappen vi kan lima på varemerket Gaularfjellsvegen.

Å STÅ på Utsikten og sjå at veggen krøkjer seg fram med høge murar og svingar i Bårdalen gjev såleis ei merkeleg kjensle: Tunge, internasjonale teoriar blei brotne ned til konkrete handlingar i eit namnlaust stølsområde mellom Sunnfjord og Sogn. Lokalt var det nemleg dei mest framstående borgarlege politikarane i Balestrand og i Gaular som kjempa fram veggen,

tufta på nye tankar, nye idear. Dei var planleggarar, lobbyistar, gjennomføringsagantar: Richard Knoff, Sigurd Kvikne, Mathias Raaheim. Og paradokset: Verktøykassen deira var nye idear, bygde på sosialistiske grunnelement som planøkonomi og statskapitalisme. Dessutan: Arbeidarane på veggen reiste sine egne minnesmerke, rissa inn sin kultur, gjennom nylaga stadnamn: Frå Utsikten kan du sjå to «Gulinga-svingar», etter vandrane anleggsfolk frå Gulen. Her er årdalsnamn, etter akkordsjefar med sine murar og sine svingar: Holsæter, Vee, Lægred, Øren og Hestetun. Munkhammaren er Balestrandnamn, etter Hans O. Bale, frå Munken, Balestrand sentrum. Rundt akkordsjefane, med steinstøv i håret, song mineborane og sleggene til arbeidslaga, som bestod av unge og sær arbeidsføre menn frå bygdene i Sunnfjord og Sogn. I fritida si organisert dei seg i arbeidarlag og bar raude faner mellom høge fjell.

GAULARFJELLSVEGEN ER ein lærerik historieforteljar 80 år etter han blei bygd. For mange menneske i Sogn og Sunnfjord er nemleg veggen over Gaularfjellet meir enn berre ein veg: I 1938 representerte han den nye tid, moderniseringa av heile Noreg, område etter område, nye teoriar, nye tankar. Framande bygder kom nær. Grannelaget breidde seg ut. Samferdsla gjekk på land og endra samfunna. I dag er denne veggen eit nødvendig pusterom for alle som søker det enkle, som ser at kvardagar kan levast utan lange tunnelar, at store vassdrag kan renna fritt, at naken naturen kan gi oss den sannaste livsglede, at sti-vandringar, der fossar aldri tagnar, gjev tankeløft og menneskeleg samhandling, at Slow food og Slow roads er breie in-trendar, heime og ute. I 80 år har sakte-fartvegen over Gaularfjellet synt at «Det grov ikkje gras på veg mellom venner».

«Gaularfjellsvegen er kan henda noko av det mest internasjonale vi eig i Sogn og Fjordane»



NYSTØLSKARET: Utsikten ved Nystølskaret. Arbeid på haldeplassen Utsikten var i full gang med utskytning av ein berg-knaus i 1955. Bildet er frå siste halvdel av 1950-talet. FOTO: NORMANN / FYLKESARKIVET I SOGN OG FJORDANE

GAULARFJELLSVEGEN

- Årleg vart det ført mellom 600 og 1000 hestar og bufe over Gaularfjellet til Sværefjorden i Sogn. I 1847 gjorde difor ordføraren i Sogndal, Fredrik Christian Juell, framlegg om at ein burde få vurdert å byggje veg over fjellet.
- I 1853 bad amtstinget om at det vart løyvd pengar til den første Gaularfjellsvegen, men fekk avslag frå Staten.
- I 1933 kom Gaularfjellsvegen opp på nytt. Arbeidet starta i 1935, og mykje av anlegget vart utført som såkalla «naudsarbeid» for arbeidslause i dei harde 30-åra. Arbeidslause i hundretal freista å få arbeid på anlegget.
- Veggen vart driven frå begge sider.
- Gaularfjellsvegen vart opna for trafikk i 1938.
- Høgste punktet på Gaularfjellsvegen ligg 748 m.o.h.
- På endepunktet for veggen i Vetlefjorden vart det sett opp bilferje til Grinde i Leikanger kommune og til Balestrand. Denne ferja gjekk til 1956, då veggen fram til det nye ferjeleiet i Dragsvik var ferdig.
- I 2012 får Gaularfjellsvegen status som nasjonal turistveg.
- I 2016 opna den «nye» Utsikten.
- Laurdag 25. august 2018 vart det markering på Utsikten av 80-års jubileet for Gaularfjellsvegen. Det vart avduking av minnesmerke/infotavle om det store arbeidet som vart lagt ned med bygginga av veggen. Kjelde: Allkunne/Firda